

Medlemmane i fylkestinget

Opplæring og politikardag 29. mai 2017

Det vert med dette kalle inn til opplæringssekvens og orienteringar for medlemmane i fylkestinget 29. mai 2017.

Møtet vert halde i Firdasalen på fylkeshuset.

Fylkestinget bede «om at det vert gjeve tilstrekkeleg opplæring til fylkespolitikarane om offentleglova og teieplikt» (FT-sak 29/16).

Tidsplan:

Tema:	Kontaktpersonar:	Klokka/ tid:
Opplæring av politikarar: - Offentleglova og teieplikt - Møteoffentlegheit	v/ Fylkesrådmannen sin stab	14.00-15.15/75
Pause (med servering)		15.15-15.45/30
1. Vitensenteret	Jan Øhlckers	15.45-15.55/10
2. Miljøomsyn og ruteløyve (Verdarvparken i Nærøyfjorden)	Erling Oppheim	15.55-16.05/10
3. Hydrogenprosjektet	Elisabeth Kjærstad Bøe	16.05-16.15/10
4. Maritim forening Sogn og Fjordane	Trond Strømgren	16.15-16.25/10
FELLES SPØRSMÅLSRUNDE		16.25-16.40/15
PAUSE		15 MINUTT
5. Val for kystvegtrase	Ola Teigen, ordførar i Flora/ Reidar Sandal, styreleiar i Kystvegen Måløy-Florø AS	16.55-17.10/15
6. Vest-norsk Brusselkontor	Merete Mikkelsen	17.10.-17.25/15
7. Framtidsfylket	Kristine Folland	17.20-17.30/10
8. Fotballhall i Flora	Rune Bortne	17.30-17.40/10
FELLES SPØRSMÅLSRUNDE		17.30-17.45/15

Orienteringar

1. Arbeidet med Vitensenter for Sogn og Fjordane.

Vil orientere kort om status i arbeidet for Vitensenteret i Sogn og Fjordane. Mogeleg delfinansiering av drifta over Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, post 71 Tilskott til Vitensenter.

2. Verdsarvparken i Nærøyfjorden:

Kva høve fylkeskommunen har til å setje miljøvilkår for fartøy som får såkalla «ruteløyve».

3. Hydrogenprosjektet

Dette er eit prosjekt som har fått svært mykje rosande omtale, særleg av næringslivet. Dei har bede om møte med HS mykje på grunn av at vi er ein stor forbrukar av CO₂-haldig drivstoff, og difor kan vi vere ein vesentleg bidragsytar i det nasjonale klimarekneskapet.

4. Maritim forening

Prosjektleiinga GKP7H2 v/ styreleiar Jan Henrik Nygård (og ev. prosjektleiar Trond Strømgren) ønsker å informere kort om prosjektet, bakgrunn og involverte partar.

- Om prosess for utvikling av passasjerbåt og infrastruktur
- Bruk av fylkeskommunal opsjon på to års forlenging av eksisterande rutebåttavtalar (gir tid til utvikling av fartøy og regelverk)
- Anbod med hydrogendrive passasjerfartøy på ruta Florø-Måløy frå 2022
- Støtteordningar og finansiering av pilotprosjekt
- Vidare dialog med samferdsleutvalet, informasjonsbehov etc.

5. Kystvegtrasé Måløy-Florø

Ordførarane i Flora og Vågsøy, Ola Teigen og Kristin Maurstad, vil saman presentere sine val for kystvegtrase.

Styreleiar i Kystvegen Måløy-Florø AS, Reidar Sandal. Har gitt fråsegn om kystvegen, basert på den utgreiinga som Statens vegvesen har laga på oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. For kystkommunane er ein ny kystveg frå Måløy, via Svelgen til Florø svært viktig med tanke på næringsutvikling og busetting i åra som kjem.

6. Vest-norsk Brusselkontor

Ved Merete Mikkelsen frå Vest-norsk Brusselkontor.

7. Framtidsfylket

Presentasjon av omdømmekampanje.

8. Fotballhall i Flora

Flora Kommune v/Kultur og fritid presenterar planar for etablering av fullskala fotballhall i Florø. Presenterast av Rune Bortne, prosjektleiar idrett

Med helsing

Jenny Følling
fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Medlemmane i fylkestinget